

Oldtidsborga Trælsborg

Borga har vore ei forsvarsborg i den eldre folkevandringstida. Arkeologane har tidfesta denne tidsbolken til ca 4-500 .e Kr.


Plasseringa av borga er i seg sjølv det beste vernet der den ligg oppe på ein kolle oppunder Svartsve i Bruskor. Du oppdagar ho ikkje før du er kloss innpå. Samtidig er ho så langt unna at ståk og raut frå dyra ikkje kunne høyrast frå bygda. Det var samtidig kort veg å rømme til borga for bygdefolk når fienden nærma seg.

Skulle angriparane likevel oppdage kor folka frå gardane heldt til, og gå til angrep på borga, var det forholdsvis lett å forsvare seg. Det er høge og bratte fjellsider på tre kantar. Frå den fjerde kanten kan ein kome opp på plataet. Her er det bygd opp eit vern av ein ytre og ein indre steinmur. Den inste er den lengste og høgaste, om lag 50 m lang og 3.5 m høg har den vore.

Over steinmurane har det truleg vore veggjar av solid tømmer. Det er smale inngangar i båe murane; i den inste er opninga $\frac{3}{4}$ m. Om angriparane greidde å nedkjempe forsvaret innanfor den ytre muren, så var det verre å forsere

den indre. Sjølve plataet som borga er plassert på er ca 1 dekar stort. Under opphaldet har det vore naudsynt med hus og med matlaging til folk og fe. Truleg har det vore lager med mat og dyrefor og våpenlager i borga. Plassen er så stor at det kunne ha vore fleire hus. På innsida ligg der ei lita steinrøys med oske og brende steinar midt i. Der er og ein haug med fin sand. Det seies at sanden vart brukt som våpen av kvinnfolka. Dei fylde forkleda sine med sand, kleiv opp på murane, og kasta sanden i augo på angriparane.

Kjelde: Bø-såga I, Kultursåga av Gunnar Lunde, Bø kommune 1972 og Paul Forberg



Trælsborg slik teiknaren Elisabeth Lunde har gjenskapt den